



# BACHELOROPPGÅVE

**Utstøyting av medborgarar med sosiale  
problem.**

av  
Turid Stigen

Sosialt Arbeid  
SOS5-302  
Mars 2009

## **Innhaldsliste.**

1.0 Innleiing.....	s.	3
2.0 Metode.....	s.	5
2.1 Litteraturstudie.....	s.	5
2.1.1 Primær litteratur.....	s.	5
2.1.2 Sekundær litteratur.....	s.	6
2.2 Hermenautisk metode.....	s.	6
3.0 Sosialkonstruksjonistisk perspektiv på avvik og utstøyting.....	s.	8
3.1 Berger og Luckmann.....	s.	8
3.1.1 Den samfunnsskapte røynda.....	s.	10
3.2 Frå definisjonsmakt til doxa.....	s.	11
4.0 Den sosiale utstøytinga – Prosessen frå avvik til eksklusjon.....	s.	12
4.1 Erwing Goffmann og Stigma.....	s.	13
4.2 Edward Lemert og avviksperspektivet.....	s.	15
4.3 Robert K. Merton og den sjølvoppfyllande spådom.....	s.	17
5.0 Avvikarar som ein teneleg funksjon i samfunnet vårt.....	s.	20
6.0 Ein avsluttande samanfatting.....	s.	21
Litteraturliste.....	s.	24

## **1.0 Innleiing.**

For at ein sosionom skal gjennomføre eit godt arbeid er det, etter mitt syn, viktig med forståing for dei prosessane som skjer i samfunnet vårt når nokon får sosiale problem. Det er naudsynt å vete noko om korleis samfunnet reagerar på avvikarar og korleis utstøyting kan få problemerarar til å verte større avvikarar. Sosionomen skal førebygge, redusere eller utrydde sosiale problem i samfunnet, jamfør sosialtenestelova, kapitel 1. I høve til denne utfordrande oppgåva kan kunnskap om mekanismar som førar problemerarar inn i ein marginaliseringsprosess, vere nyttig for å sjå heilskapen i fenomenet, ikkje berre på individnivå; kva eigenskap denne personen har som gjer at han/ho får sosiale problem? Men på samfunnsnivå; kva som gjer at dei sosiale problema oppstår? Kva strukturar i samfunnet kan vere med på å utstøyte problemerarar? Sosial utstøyting av medborgarar eller sosial eksklusjon er eit sosialt problem fordi det representerar ein trussel mot det grunnleggande i menneske (Halvorsen, 2002), nemlig interaksjon mellom menneske. Eit spedbarn døyr utan kjærleik og omsorg og vaksne kan verte deprimerte utan sosial kontakt (Bjerke og Svebak, 2001). Men kva er eit sosialt problem? Ut i frå det perspektivet som eg vel å ta utgangspunkt i, sosialkonstruksjonismen, er definisjonen av problemet slik:

*....en påstått (skadelig) situasjon som er uforenelig med de verdier som et betydelig antall personer står for og som er enige om at det må handles for å endre situasjonen* (Rubington og Weinberg, 1995, i Halvorsen, 2002, s. 16).

Det betyr at dei sosiale problema ikkje er sanning i seg sjølv, men ein feilaktig oppfatning av ein person, situasjon eller fenomen. Sjølv om sosiale problem er sosialt konstruerte skal ein ikkje gå vekk i frå at fenomenet kan vere problemfylt for samfunnet og vedkomande. Det sosiale problemet er ofte basert på objektiv data eller statistikk, men sosialkonstruksjonisten representerer eit kritisk perspektiv og tar ikkje objektiv fakta eller media sine utspel frå politisk hald for ”god fisk”.

Eg skal presentere stemplingsperspektivet i høve til å forklare utstøyting av medborgarar. Dette perspektivet forklarar konstruksjonen av røynda som subjektiv og ser på samhandling mellom menneska, her representert ved Edward Lemmert og Howard Becker. Tilnærminga har fokus på sjølve prosessen der avvik vert definert, dette slektar på det interaksjonistiske perspektivet (Hauge, 2001). Det sosial-kostruksjonistiske perspektivet har mykje til felles

med stemplingsperspektivet sitt syn på prosess. Avvik vert forstått som den prosessen som identifiserar visse aktivitetar som avvikande, og dermed vart dei avvikande (Halvorsen, 2002, s. 63). Det sosialkonstruksjonistiske perspektivet går eit steg lenger og ser på kva som skjer før stemplinga (Hauge, 2001, Halvorsen, 2002). I oppgåva er symbolsk interaksjonisme representert av George Herbert Mead, Erwing Goffmann og Robert K. Merton som legger vekt på samhandlinga mellom menneska og då i særleg grad kommunikasjonen (verbalt og kroppsleg). Dei er semde om at vi menneska internalisar andre sine haldningar til oss. Vi utviklar personlegdomen, identiteten og sjølvet vårt saman med medmenneske. Utan sosial kontakt får menneske ingen identitet (Aakvaag, 2008). Det symbolsk interaksjonistiske perspektivet er sentral i oppgåva fordi den representerar den mellommenneskelege kommunikasjonen i den utstøytande prosessen. Problemstillinga eg har valt lyder slik:

*Kva mellommenneskelege prosessar i samfunnet gjer at medborgarar utstøytar personar med sosiale problem?*

Oppgåva er konsentrert rundt to sentrale spørsmål:

- Kva prosessar vert sett i gang når ein person vert sosialt utstøyta?*
- Kvífor vert problemløsningar sosialt utstøyta i frå samfunnet?*

Eg skal peike på korleis kommunikasjon mellom menneske, i tillegg til internaliserte normer og reglar i samfunnet, kan ekskludere personar frå ulike arenaer og påføre sosiale aktørar problem i livet. Å vere medveten om slike prosessar kan vere førebyggande i arbeid med barn og ungdom og kan redusere problem i arbeid med menneske. Sosionomen skal arbeide for å spore av ein vond sirkel og stogge ”snøballen” frå å rulle seg større. Dette er ein sirkulær årsaksforståing, som eit alternativ til årsak-verknad tenking (Hutchinson, Oltedal, 2003). Sosialarbeidaren skal vere klar over at det er ein omfattande prosess frå å vere normal til å verte avvikar (Halvorsen, 2002).

Eg har fokus på korleis menneske vert marginalisert når eit problem eller avvik oppstår. Marginaliseringa kan knytast til alle typar sosiale problem og dei har til felles at problemløsningen eller avviket vert stempla som fyrste ledd i marginalisingsprosessen. Marginalisering eller utstøytining er relasjonelle omgrep. Det er omgrep som vert knyta til vilkåra for å verte integrert i samfunnet, som tildømes å ha midlar til fritidstilbod. Eit anna interessant tema er kor vidt sosiale problem tenar ein funksjon i samfunnet vårt. Å kjempe

mot forskjellige sosiale problem kan sjåast som meiningslaust når samfunnet finn problema nyttige. Som avslutting skal skrive eit samandrag av hovudbodskapen i oppgåva.

## 2.0 Metode.

Metode er eit reiskap for å tilegne seg kunnskap og ei oppskrift for korleis ein kan samle inn informasjon, i eit vitskapeleg omfang. Metode er ein systematisk måte å undersøkje røynda på, og det er eit hjelpemiddel og ikkje eit mål i seg sjølv (Halvorsen, 2002b) eller å følje ein bestemt veg mot målet (Johannessen m.fl, 2006). I oppgåva brukar eg omgrep, teoriar og teoretiske perspektiv for å skaffe fram data.

## 2.1 Litteraturstudie.

Eg har valt å skrive ei rein litteraturoppgåve, som betyr at metoden i oppgåva er basert på teori som andre har framskaffa. Gjennom metodelæra kan vi nytte oss av erfaringane til andre forskrarar ( Johannessen m.fl, 2006). Det finnast både kvantitativ (statistisk data) og kvalitativ (forskaren sin tolking og forståing) metode. Kjernen i kvalitativ metode er å forstå kva menneske gjer og kvifor dei gjer det (Halvorsen, 2002b). For å forklare fenomenet utstøyting av medborgarar med sosiale problem brukar eg kvalitativ tilnærming i oppgåva.

Litteraturen er både av primær og sekundær art. Primærlitteratur er fakta som er samla inn av forfattaren sjølv, gjennom bruk av til dømes kvalitativ eller kvantitativ metode. Sekundær-litteratur bygger på andrehandsopplysningars, og er forfattarens sin tolking av andre forskrarar sitt studie (Halvorsen, 2002b). Eg vil understreke at når eg brukar sekundær-litteratur i oppgåva mi, så er det mi tolking av andre si tolking – noko som betyr at kunnskapen kan, i tredje ledd, vere ein smule forandra eller prega av min oppfatting.

### 2.1.1 Primærlitteratur.

Peter L. Berger og Thomas Luckmann si bok *Den samfunnsskapte virkelighet* (2000) er primærlitteratur fordi dei har vore med på å danne omgrep og teoriar som har hatt betydning for mange teoretikarar i etterkant i høve til det sosialkonstruksjonistiske perspektivet. Dei har sett den dialektiske tankegangen om individ og samfunn på dagsordenen. Denne boka er viktig i oppgåva mi fordi den har eit særskilt kritisk syn på røynda. Eg brukar denne sosialkonstruksjonistiske teorien til å tolke omgrepet sosialt problem. To sentrale teoretikarar innanfor det symbolsk interaksjonistiske perspektivet er Erwing Goffmann og Robert K. Merton. Goffmann har skrevet boka *Stigma* i 1963 og er framleis i dag på pensumlister på

universitet og høgskular. Eg har valt å bruke boka fordi den handlar om samhandling mellom menneske og korleis samhandlinga formar identiteten vår. Boka er av primærlitterær art. Merton si bok *Social Theory and Social Structure* frå 1968 er ei sosiologisk framstilling av samfunnet sine strukturar og mellommenneskelege høve. Eg tar utgangspunkt i kapittel 13 om *The self-fulfilling prophecy* som handlar om korleis kommunikasjon fører til at definerte fenomen kan verte ei sanning fordi fenomenet var definert i utgangspunktet. Dette er ei viktig primærlitterær kjelde i høve til korleis medborgarar utstøytar medborgarar med sosiale problem.

### **2.1.2 Sekundærlitteratur.**

Knut Halvorsen si bok *Sosiale problemer* frå 2002 er mykje brukt på universitet og høgskular. Boka har ein sosialkonstruksjonistisk tilnærming og set, i likskap med Berger og Luckmann, eit spørsmålsteikn ved dei fenomena i samfunnet som vi borgarar tar for gjett. Boka bygger mykje på andre forfattarar sine teoriar og er difor sekundærlitteratur, men Halvorsen skriv svært sjølvstendig og han har forfatta ei lett leseleg bok som gjer ei høveleg informasjon om ulike sosiale problem. Ei anna sekundærlitterær bok er Ragnar Hauge si bok *Kriminalitetens årsaker*. Den boka gjer ei beskriving av utviklinga innanfor kriminologien når det gjeld å forklare kriminalitet. Boka er eit godt oppslagsverk og nærast ei ”kokebok” på feltet sitt. I tillegg har eg nytta Gunnar C. Aakvaag si bok *Moderne sosiologisk teori* (2008) fordi den gjer ei grei oversikt over sosiologiske teoriar og perspektiv, til dømes ei samanfatting av Pierre Bourdieu mest sentrale teoriar.

Eg meinat at denne litteraturen hjelper meg å gjere ein valid reiegjering av problemstillinga mi. Validitet handlar om datagrunnlaget sin gyldigheit eller relevans i høve til problemstillinga (Johannesen m.fl, 2006).

For å syne den kvalitative metoden i oppgåva vil eg no bruke hermeneutisk tilnærming til teksten min og vala mine. Eg vel å skrive denne hermeneutiske tilnærminga for å understreke at dette er mitt produkt i ein sosialkonstruksjonistisk betydning.

### **2.2 Hermeneutisk metode.**

Hermeneutikk er ein tolkingsprosess der metoden er å tolke eit fenomen. Eg er ikkje ute etter å forstå årsakssamanhengen, men kva slags intensjonar som står bak ei handling (Halvorsen,

2002b). Som det å tolke kvifor medborgarar utstøytar personar med sosiale problem. Hermeneutikk er ein forståingslære og har tre dimensjonar; uttrykke, forklare og tolke. Hermeneutikken erkjenner ikkje berre empiri som den einaste måten å tilegne seg kunnskap, slik positivismen gjer, men dei erkjenner forståinga av meining i høve til kontekst (Ariadne, kunnskapsbase for kulturfagene ved universitetet i Oslo).

Denne oppgåva er ei tolking av fenomenet, utstøyting av medborgarar med sosiale problem, i lys av min konstruksjon av røynda, basert på historia mi og utviklinga mi. Det har til dømes ein betydning for tolkinga mi kor mykje tid eg har brukt på studiet dei siste åra eller den psykiske tilstanden eg er i. Det er mitt produkt og skapt av meg. På den andre sida er eg ikkje sikker på om det er berre mitt produkt og mine tankar fordi forfattarar som Berger og Luckmann, Goffmann og Merton har gjort meg medveten om den påverknadskrafta andre menneske har på meg og min livsverden (kommunikasjonsteoretikaren Jurgen Habermas (1987) sitt flotte omgrep) eller doxa (Bourdieu (1984) sitt omgrep om trua på det openbart naturlege som er tatt for gjett). Det betyr at andre har overtyda meg om at slik er det, at dette er det beste og naturlege. Eg er opptatt av ontologiske spørsmål som kan fortelje meg korleis røynda eigentleg ser ut. Har vi eigentleg fri vilje? I denne oppgåva skal eg forklare korleis menneske står i ei dialektisk høve til kvarande som i ein dynamisk spenning, der meining og herskande språk er våpenet og det sosiale samfunnet umedvetne vert offer. Eg skal i løpet av oppgåva vise at menneska sin frie vilje er avgrensa.

Det er mellom dialogen som eg har med forfattarane i denne oppgåva at meining vert danna. Vidare kan eg reflektere over kva dei formidlar og korleis eg tolkar det. Som når Berger og Luckmann (2000, s. 44) skriv at *"selv om eg godt kunne komme i tvil om dens virkelighet, er jeg tvinget til å oppheve tvilen når eg lever i hverdagens rutine"*. Det er nettopp slik eg kjenner det i høve til tolkinga av denne oppgåva. Eg veit at eg er farga av det andre med definisjonsmakt har sagt til meg, men eg kan ikkje legge det vekk og starte med blanke ark likevel. Røynda er tvunge nedover meg og har tatt eit så godt grep at det vert vanskeleg å endre den. For meg er det viktig å verte opplyst i frå fleire sider og det er nettopp i det omgrepet eg meinar nøkkelen til endring ligg – opplysning eller kunnskap. Kunnskap set fenomen i fokus og kan utvikle oss menneske. På den andre sida er kunnskap formidla på ein subjektiv måte og ein skal difor vere kritisk til innhaldet og tolkinga til formidlaren. Kunnskap vert formidla gjennom språket og språket er formulert gjennom andre sitt

synspunkt, i følge George H. Mead (Vaage, 1998). Men likevel er kunnskap vegen til forståing, på same måte som at forståing er eit reiskap for inkludering.

For å få svar på problemstillinga er det viktig for meg å vise kunnskap frå fleire hald – fleire perspektiv og teoriar. På den måten vert tolkinga mi ikkje berre eit produkt av det ein annan forfattar skriv om, men ei samanfatting av fleire synspunkt, der eg drar ut det som høver best til problemstillinga mi ut i frå mine evner og forkunnskap. Ein skal vere kritisk til kva eg har valt fordi det finnast mykje anna litteratur som kunne gjett eit anna svar på problemstillinga.

Grunnen til at eg har valt å sette fokus på den samhandlinga som skjer mellom menneske i samfunnet og den påverknaden som skjer, er fordi eg meinat sosiale problem er eit resultat av ein dynamisk prosess der kampen om definisjonsmakta og diskursmakta står sentralt. Eg skal forklare det ved hjelp av symbolsk interaksjonistiske teoriar, som forklarar kommunikasjonen og symbol mellom menneska, og sosialkonstruksjonismen, som peikar på at dei sosiale problema slett ikkje er eit problem i seg sjølv, men er vorten eit sosialt problem som eit resultat av dei aktuelle tilhøva i samfunnet. Eg konkluderar med at kunnskap om fenomenet, utstøyting av personar med sosiale problem, reduserar utstøytinga fordi menneske vert medveten om konsekvensane av handlingane sine. Eg startar med ein introduksjon til det sosialkonstruksjonistiske perspektivet.

### **3.0 Sosialkonstruksjonistisk perspektiv på avvik og utstøyting.**

Det overordna perspektivet i oppgåva mi er sosialkonstruksjonisme. Eg har vald dette perspektivet på grunn av den interessante ideen om at det finnast ingen objektivitet.

Sosialkonstruksjonisten står på utsida og ser på oss menneske konstruerar meininger og røynda. Det betyr at dei ikkje er interessert i korleis røynda er, men korleis dei menneska som lever i samfunnet trur røynda er. Sosialkonstruksjonisten ser på kva det er som gjer at eit fenomen vert sett på som eit sosialt problem. Fenomenet er ikkje eit problem før det er definert som eit problem (Halvorsen, 2002).

#### **3.1 Berger og Luckmann.**

I høve til korleis samfunnet sine strukturar skapar og vedlikeheld sosiale problem, har eg vald å studere Peter L. Berger og Thomas Luckmann si bok om sosialkonstruksjonisme, *den samfunnsskapte virkelighet*. Denne boka vart et gjennombrot innanfor sosiologien då den kom ut i 1966 (her oversatt til norsk i 2000) og dei har skapt ein teori som er like aktuell i dag. I

motsetning til det tradisjonelle, empiriske vitenskapssynet, kan ikkje sosialkonstruksjonismen vere einig i at det er ein objektiv verd, men at alle opplever verda forskjelleg (Røkenes og Hanssen, 2002). Berger og Luckmann har tatt utgangspunkt i denne subjektiviteten, basert på fenomenologi, om at ein vil forstå den andre sin tankegang, si røynd og persepsjon (Berger og Luckmann, 2000). Dette er kjernen i det som eg meinar kan hjelpe avvikarar i samfunnet. At nokon kan sjå det problemet i frå deira perspektiv, korleis dei opplever problemet og kjenninga i kvardagen. Då flyttar vi oss frå den objektive ”rett og gale” til å sjå på kvar enkelt menneske som eit fenomen, med eiga historie og meining. Denne fenomenologiske tilnærminga, som sosialkonstruksjonismen er nært slekta på, kan hjelpe oss i møte med menneske med sosiale problem. Spadley (1978, i Kvale, 2001, s. 73) beskrev det slik:

*”Jeg ønsker å forstå verden fra ditt ståsted. Jeg vil vite det du vet, på din måte. Jeg ønsker å forstå betydningen av dine opplevelser, være i ditt sted, føle det du føler, og forklare ting slik du forklarer dem. Vil du være læreren min og hjelpe meg med det?”* Med utgangspunkt i ein slik haldning mot eit menneske, opnar ein opp for kommunikasjon som kan hjelpe problemløsaren å sette ord på situasjonen og kjenningane sine og det kan hjelpe problemløsaren å kjenne seg nærmere ”oss andre” i samfunnet.

Berger og Luckmann (2000) er opptatt av kva som gjer at noko i fyrste omgang vert definert som eit sosialt problem. Dei fann tre omgrep som kunne beskrive denne prosessen; eksternalisering – samfunn er eit menneskeleg produkt, objektivisering – samfunn er ei objektiv røynd, og til slutt internalisering – menneske er eit produkt av samfunnet. Det er ein gjensidig prosess, der alle sider påverkar kvarandre (dialektisk forståing av røynda). Eg kan gje eit døme på prosessen ved å forklare korleis problemløsaren vert sosialt utstøyt. Problemløsaren er ein del av eit fellesskap som menneska sjølv har skapt, han er eit produkt av prosesser i samfunnet som menneska har produsert, altså han er ein aktør i samfunnet. Problemløsaren trur at verden skal vere slik, han stiller ikkje spørsmålsteikn ved at han vert kategorisert som avvikar fordi han skjønner det ut i frå dei objektive kriteria menneske har i samfunnet. Derfor internaliserer han samfunnet sine haldningar, og godtar posisjonen sin som avvikar. Dermed har han gått inn i ei rolle, med dei konsekvensar det medførar. No når han oppfattar røynda, er han med på å skape røynda i måten han uttrykk seg på. Menneske har ulike oppfattingar av verden, korleis vi sansar fenomen eller oppfattar hendingar er ulikt frå deg til meg. Persepsjon er eit sentralt omgrep i sosialkonstruksjonismen (Halvorsen, 2000).

### **3.1.1 Den samfunnsskapte røynda.**

Vi menneske tar kvardagslivet for gjett i vår subjektive oppleving av meining. Vi opplever ein kvardag basert på inntrykk, tankar og handlingar. Dei førestillingane som spring ut av denne persepsjonen vert godtatt som røynda. Dermed sit vi med ulik kunnskap, sjølv om vi til dømes var på den same førelesninga. I andre samanhengar søker vi til fagfolk som ein kan forvente sit med visse typar kunnskap. Til dømes oppsøkjer problembaren sosialarbeidaren for hjelp til å fylle ut søknad om økonomisk sosialhjelp. Menneske dannar oppfattingar om røyna, og at det kan basere seg på kunnskap som eit område, eller oppvekst, familie, religion eller kultur som andre områder. I alle samfunn er det personar med definisjonsmakt som påverkar forståinga for kva som er rett og gale eller fint og stygt. Dette kan vere media eller personar i maktposisjonar til dømes på Stortinget eller i ein domstol. (Halvorsen, 2002).

Berger og Luckmann (2000) peikar på viktigeleiken av primær- og sekundærsosialiseringa når haldningane våre, respekten vi viser, forståinga vår og danninga vår vert internalisert. Dei handlingane vi gjer som vert gjenteken ofte, vert sett inn i mønster. Dette skjer heilt automatisk og er eit resultat av reproduksjon. Ein startar å tru på den som seier det ofte nok. Vi snakkar om ei sosial verd, når den same åferda og tankemønstra er oppretthaldden i neste generasjon (Berger og Luckmann, 2000). Det betyr at vi ikkje brukar energi på å tenke over kvifor vi gjer det eller kva anna vi kunne ha gjort. Dette er ein del av det som Berger og Luckmann (2000) kallar for institusjonsteori. Eg skal ikkje gå grundig inn på det i oppgåva, men eg vil nemne det for å vise korleis vi kan oppretthalde avvik, eller oppretthalde korleis vi ser på som eit problem. Når ulike aktørar delar dei handlingane som er vortne vanar inn i typar, skjer institusjonaliseringa. Alle typeinndelingar er ein institusjon som er sosiale aktørar kan nytte seg av (Berger og Luckmann, 2000). Til dømes kan alle nytte seg av det siste økonomiske sikkerleiksnettet i Noreg, som kallast økonomisk sosialhjelp. Denne tradisjonen er ein del av historia og den velferdsstaten vi legg til grunn i kulturen vår. Men den er ikkje sjølvsagt og kan verte gjenstand for kritikk. Hjelper institusjonen dei med sosiale problem eller skapar institusjonen større sosiale problem i samfunnet? Det kan hende at enkelte ikkje orkar å arbeide fordi velferdsstaten gjer dei økonomisk sosialhjelp når dei står utan midlar til livsophald? Produserar velferdsstaten "unnasluntrarar"? Dersom vi sette eit kritisk blikk på samfunnsstrukturar, og ikkje tar dei for gjett, kan vi lettare gripe tak i høve som kan endrast.

Den objektive røynda er skapt av flytande mekanismar som forandrar seg med tida og er forskjellig frå kultur til kultur (Halvorsen, 2002). Til dømes var homofili eit sosialt problem

for 60 år sidan i Noreg, medan det ikkje vert rekna for det i dag. Dei homofile vart diskriminert og mange gonger ekskludert frå ulike samfunnsarenaer fordi dei var avvikarar og unormale. På den tida var dette ein realitet, medan i dag ser vi ikkje lenger på homofili som eit sosialt problem, sjølv om det framleis avviker frå majoriteten av befolkninga og mange homofile kjenner seg stigmatisert. Derfor kan ein påstå at avvikande handlingar ikkje naudsynt er avvik i seg sjølv, men avvik innfor den konstruerte røynda vi lever i (Hauge, 1997).

Det som er spennande med dette perspektivet er at avvik, som til dømes spillegalskap, rusmiddelavhengigskap, dårlig hygiene, bustadlausleik og andre kategoriserte avvik, ikkje er eit problem i utgangspunktet, men samfunnsskapte problem. Det betyr at samfunnet kan endre standardiserte kategoriar slik at dei som har sosiale problem i dag, ikkje har det dersom kategoriane endra innhald og form (Schiefloë, 2003). På den andre sida er det ikkje sikkert samfunnet vil forandre konstruksjonen av sosiale problem fordi problema tener ein funksjon i samfunnet vårt? Dette skal eg komme tilbake til seinare i oppgåva.

### **3.2 Frå definisjonsmakt til doxa.**

I eit samfunn har menneska, med sine synspunkt, haldningar og åtferd, teken tilhøva for gjett og stiller som oftast ikkje spørsmålsteikn ved funksjonen av kvar dagslivet. Eg har skreve om at personar med definisjonsmakt påverkar haldningane og åtferda vår, men denne definisjonsmakta er og` eit resultat av langvarige interessekonfliktar og diskusjonar. Det pågår stadig ein dialektisk prosess mellom makter i samfunnet der språket er reiskapen for å få ut bodskapen og utøve makt. Karl Marx meinte at individet står i eit dialektisk høve til den sosiale verden fordi individet er eit produkt av historia samtidig som han eller ho lagar historie (Hutchinson og Oltedal, 2003). Pierre Bourdieu er ein fransk sosiolog som kallar denne trua på røynda (som er tatt for gjett) for doxa (Aakvaag, 2008). Doxa er, i følje Bourdieu, den sjølvinnlysande og spontane tenkinga som er eit produkt av definisjonsmakta i samfunnet. Doxa vert omforma til ortodoxa når representantane for doxa må forsvare seg. Dei ser seg tent med at doxa oppretthaldast. Det kan komme personar inn frå den kulturelle polen som er kritiske til doxa, eller til røynda slik Berger og Luckmann (2000) ser det. Dei har kunnskap som vert rekna som heterodoxa eller vranglære, i følje dei med definisjonsmakt. Heterodoxa utvider grensene for kva som er mogeleg å uttale eller meine innanfor ulike

saksfelt. Eit døme på det er kva som skal gje prestisje og makt, noko som gjeld som kapital i samfunnet (Bourdieu, 1984, Aakvaag, 2008).

Bourdieu setter spørsmålsteikn ved kvifor dei marginaliserte i samfunnet godtar doxa eller tar doxa for gjett, og kvifor ingen gjer oppgjer mot skeivfordelinga. Bourdieu meinar at dei ortodoxe tilslørar og tildekkar urettferd, gjennom klassifisering, kategorisering og forståing av røynda. Doxa naturalisrar røynda ”slik det skal vere”. Bourdieu trekker fram mannsdominansen over kvinnen som eit døme på at eit fenomen vert legitimt sjølv om det eigentleg ikkje rår nokon evolusjonistisk lov om at slik skal det vere. Ho er klassifisert til å vere heime med borna på grunn av hennar biologiske natur. Ein av årsakene til at reproduksjon av sosiale problem oppstår er, i følge Bourdieu, at den dominerande gruppa i samfunnet klassifiserar verden og er dermed med på å naturalisere dei privilegia som dei har. Bourdieu kallar det for symbolsk makt. Denne makta er ein kapital som nærast er umogleg å oppnå for personar med sosiale problem. Dei har ein habitus, ein felles måte å orientere seg mot verda på, som erkjenner posisjonen sin i samfunnet (lågt nede på rangstigen) fordi dei ikkje har levd i tråd med det doxa meinar er legitimt. På den måten vert doxa i balanse (Bourdieu, 1984, Aakvaag, 2008).

No har eg sett på korleis sosiale strukturar er med på å oppretthalde forskjellar mellom menneske i samfunnet og korleis mennesker konstruerar sosiale problem. I neste kapitel vil eg forklare korleis avvikarar vert ekskluderte i frå samfunnet vårt.

## **4.0 Den sosiale utstøytinga – prosessen frå avvik til eksklusjon.**

I høve til problemstillinga oppgåva mi, som er utstøyting av problemerarar, har eg vald ut tre teoriar som eg synast forklarar godt korleis strukturar i samfunnet utstøytar enkelte medborgarar. Dette er Erwing Goffmann sin teori om stigma, Edward Lemert sin stemplingsteori om korleis menneske vert avvikarar og Robert King Merton om korleis menneske kan oppretthalde og påføre andre avvik ved å forklare den sjølvoppfyllande spådom. Teoriane er hjelpe midlar for å sjå mønster og samanhengar (Schieffoe, 2003, s. 112). Teoriane eg har valt har eit sosiologisk opphav. Dei peikar på strukturar i samfunnet på mikro- og makronivå. Sosiologien som analyserar samfunnsstrukturar kallar vi makro-sosiologi eller sosiologi på makronivå. På mikronivå står aktøren og dei mellommenneskelege tilhøva i fokus (Aubert, 1979).

Goffmann, Lemert og Merton er semde om at den sosiale kognisjonen er sentral i marginaliseringsprosessen på grunn av at sosial kognisjon handlar om korleis vi tolkar informasjon som vi mottek i frå andre og oss sjølv; korleis ein tolkar sosiale samhandlingar (Bjerke og Svebak, 2001). Vidare meiner alle teoretikarane at alle har sin eigen konstruksjon av røynda og det gjer at menneske oppfattar verden ulikt. I lys av sosialkonstruksjonismen vil eg då minne om at desse teoretikarane har også sin oppfatning av verden, som for andre ikkje er den objektive sanning.

#### **4.1 Erwing Goffmann og Stigma.**

Erving Goffman (2000) står bak ein teori som drøftar korleis samfunnet påpeikar ein type åtferd, utsjåande eller eit sosialt lag til å vere eit problem eller vere unormal (avvikar). Individ får eit stigma som påverkar tankemønster og åtferd. Det skjer ein prosess som produserar isolasjon frå den normale arenaene. Goffmann synar kjensla ved fenomenet når han skriv ”Eg – og dei andre”.

Goffmann (2000) peikar på tre forskjellige typar stigma, og sjølv om desse er ulike, har dei til felles at det dreiar seg om negative vurderingar av avvik. Det første er stigma ein får om ein har fysiske misdanningar. Til dømes eit veldig stort hovud eller eit synleg syndrom. Det andre stigmaet kan ein få ved karaktermessige feil, til dømes ved å prøve narkotika og danne kjenningar i narkotikamiljøet. Det kan vere at ein er voldsam og utagerande eller har ein sinnsliding og grunna tilstanden har vore innlagt på psykiatrisk. Det tredje stigmaet er det tribale (slektsbetinga) stigma, der hudfarge, religion og sosiale lag bestemmer om individet får eit stigma. Desse kjenneteiknast ved at dei går i arv, frå generasjon til generasjon.

Schiefloe definerar stigma som eit kjenneteikn eller ein eigenskap som diskvalifiserar ein person frå å verte sosialt akseptert på line med andre (Schiefloe, 2003, s. 195). Difor diskriminerar dei normale stigmaberaren og formidlar eit budskap til omverden om at den stigmatiserte ikkje er normal. Dei normale distanserer seg og den stigmatiserte får ikkje like mogeligheter i samfunnet. Dette kan føre til ein negativ reaksjon som igjen vert forklart ut i frå defekten. På grunn av dette vil defekten vere ein rettferdig straff og dei normale har rett til å behandle vedkomande därleg. På denne måten påverkar menneske kvarandre og endrar identitet. Den som først berre hadde eit lite avvik, kan utvikle fleire og større avvik på grunn av denne sirkelen med stempling, avvikaren tar avstand frå dei andre og deretter erkjenning av

ny identitet. På den måten går dei frå å vere eit potensielt miskreditert menneske, utan eit synleg avvik, til å verte eit miskreditert menneske, som ikkje er anerkjent på grunn av sitt openbare avvik (Goffmann,2000).

Goffmann (2000) skriv at vi overfører ei handling eller ein eigneskap hjå personen til ein verdi hjå personen. Dette er ein generalisering som stemplar handlinga eller eigenskapen til vedkomande som eit karakteristika ved han eller ho. Howard Becker (Hauge, 2001) beskriv dette som at andre har gjett personen eit hovudstatus som føljer med seg assosiasjonar som dømmer han eller ho til å ha visse eigenskapar eller leve under visse høve. Til dømes at ein person som er dømt i ein vinningssak, var underlagt därleg barneoppdragning, kjem frå tronge kår, ikkje eig moral og ikkje har utdanning. På grunn av hovudstatuset vert ein tillagd karakteristika som skal passe med statuset. Reagerar den stigmatiserte på dette vil det verte tolka som uttrykk for den defekten som ho eller han ber. Vil til dømes den domfelte verte sint som berar av hovudstatuset, vil sinnet verte tolka som uttrykk for at han er ein kriminell person. Den minste feil vil verte tolka ut frå det stigmatiserte serpreget hans.(Goffmann, 2000).

Ut i frå sosialiseringa vil den stigmatiserte skjønne at det avviket han ber på gjer at andre ikkje aksepterar han fullt ut og vedkomande erkjenner at han ikkje klarar å leve opp til krava. Sidan beraren av stigmaet kjenner skam så er det noko som skiljar han frå dei andre. På den måten godtar personen at det er eigenskapar ved han som rettferdiggjer stigmaet (Goffmann, 2000).

Sjølv om den stigmatiserte føler skam og avsky ved synet av dei med same defekt som han, vil han strete etter å høyre til nettopp den gruppa som han etter kvart kan identifisere seg med, til dømes kriminelle. Når ein person har gjort ei kriminell handling, synast vi det er rett at denne avvikaren tar si straff i fengselet. På den eine sida førebygg ein då sosiale problem ved å dømme han inn i isolasjon, fordi samfunnet trur at ved å gje ein straff, så reduserar ein sjansane for at det skal skje igjen. På den andre sida så vert den dømte personen kjent med andre i fengselet som har gjort liknande eller andre typar kriminelle handlingar. Han får eit nettverk av kriminelle vener som igjen kan til dømes føre til rusmiddelbruk og vidare avhengigleik. Marginaliseringsprosessen er starta.

No har eg forklart korleis menneske vert avvikarar og ekskluderte i frå samfunnet ved hjelp av Goffmann sin teori. Dette slektar på det som Edward Lemert har formulert i sin teori om primære og sekundære avvik. Denne teorien forklarar korleis samfunnet kan legge føringar på korleis ein person kan skifte karakter og til og med identitet. Lemert peikar på korleis enkelte vert isolerte sjølv om den kan ha starta med eit uskuldig avvik.

## **4.2 Edward Lemert og avviksperspektivet.**

Lemert er mest kjent innanfor kriminologi, der han er ein svært sentral teoretikar innanfor stempplingssperspektivet. Lemert meinte at avvik er ein prosess som går i frå å verte stigmatisert som avviker til deretter å oppleve seg sjølv som avvikar. Vedkomande posisjonerar seg inn i ei avvikarrolle (Hauge, 2001, Halvorsen, 2002).

Lemert meinte, i følgje Hauge (2001), at ved å verte presentert som avvikar kan ein endre sjølvbilete. Det startar med at ein har gjort noko avvikande, det kan vere at det var utan vilje eller ein var med nokre andre som gjorde noko ulovleg. Det som har skjedd vil personen rasjonalisere og forklare bort. Primæravvikaren vert stadig konfrontert med episodar, men har endå ikkje fått status som avvikar. Døme på dette kan vere ein ungdom som bråkar mykje på skulen, som ikkje gjer lekser og har hatt nokre konfrontasjonar med lærarar om herverk han har gjort på skulen.

Denne ungdomen hoppar av skulen etter ungdomsskulen og får seg heller ikkje arbeid. Ettersom det er kjedeleg og vere mykje åleine, finn han selskap i andre som er i same situasjon. Det vert mykje festlegleikar som resulterar i utviklande rusmiddelavhengileik. På denne tida identifiserar ungdomen seg med dei andre venene og sjølvbilete hans har endra seg. Etter kvart startar avvikaren med vinningsforbrytingar regelmessig sidan dei offentlege midlane ikkje held til rusmiddel og næring. Lemert skriv at han er sekundæravvikar fordi han no har fått status som avvikar. Den sekundære avvikarrolla er sprunge ut av vedkomande sin definisjon og akseptering av si eiga rolle, og dette er igjen eit resultat av utanomverda sin definisjon og reaksjon på han. Dermed har sjølvoppfatninga endra seg og ein ny status er vorten til i samfunnet.

Lemert bygger sine teoriar på det George Herbert Mead, den amerikanske pragmatisten og ein av skaparane av symbolsk interaksjonisme. Lemert og Mead meinat at menneska si åtferd er bestemt av kvar enkelt definisjon av seg sjølv, samfunnet vedkomande lev i og den posisjonen

vedkomande har i samfunnet. Det betyr at den ein er, eller sjølvet, er eit produkt av korleis omgjevnadane ser på deg. Identiteten formast gjennom samhandling. Det betyr at meiningskapast saman med andre og sjølvet er i utvikling gjennom påverknad. Sosialiteten utviklast som ein kapasitet til å ta andre sitt perspektiv, eller den generaliserte andre sitt perspektiv. Mead skreiv at for å vere seg sjølv, må ein vere andre. Korleis kan Mead hjelpe oss å forstå kvifor enkelte vert ekskludert frå samfunnet? Mead meinar at identiteten vert eit objekt fordi vi imiterar andre sine miner, røynsler, og handlingar. Deretter vert ein medveten om dei andre og til sist vert ein medveten seg sjølv (Vaage, 1998). Denne teorien er viktig for å forstå kvifor enkelte vert avvikarar eller stigmatiserte som problemskaparar. På grunn av at vi ser oss sjølv gjennom andre sine auge, noko Mead kalla "sjølv-spegelen", vil identiteten få påverkast av medmenneske (Hauge, 1997).

Lemert var, i følge Hauge (1997), opptatt av kvifor ikkje avvikaren kjempa for å halde sin rolle som normal, eller kvifor avvikaren godtar korleis dei andre ser på han. På den eine sida er det lettare å vere avvikar, mindre slitsomt (mange har hatt problem sidan barneår), ikkje store krav og mindre avvisningar. På den andre sidan får ein tilhøyrligleik i ein delkultur eller subkultur der ein kan finne likesinna og andre som har tilsvarende erfaringar. På det tidspunktet er det vanskeleg å snu tilbake til det gamle status på grunn av at nye normer og reglar er internaliserte i vedkomande (Hauge, 2001). Han har no fått innpass i ein delkultur eller subkultur, der han har likesinna å identifisere seg med. Kultur definerast som..."et mangfold av aktiviteter, holdningar og væremåter som danner sammenhengede mønstre" (Helland og Øia, 2000, s. 25). Denne kulturen som dannast i avvikande miljø, til dømes eit narkotikamiljø, vil for mange kunn vere interessant når miljøet viser seg der normale brukar å vere, til dømes på stranda eller kafeen. Då skal ein kjempe mot dette sosiale problemet som vi ikkje brydde oss om, då dei laut oss vere i fred (Hauge, 1997).

Lemert (Hauge, 2001) meinar at sidan folk er ulike og nokre av ulikskapane resulterar i sosiale sanksjonar, som marginalisering, vert det eit dynamisk høve som påverkar individet i retning mot normalitetspolen eller avvikspolen i ein personlegdomsakse. Nokon vil streve mot å gjere det som er forventa av dei og verte lønna for det. Ein positiv reaksjon kan ofte vere forsterkande og vedkomande gjentar handlinga, medan ein negativ reaksjon (som straff) enten kan føre til at vedkomande ikkje gjentar handlinga eller kan det føre til at vedkomande ikkje får trua på seg sjølv, føler seg avvist (Bjerke og Svebak, 2001) og får avvikande vener som han kan identifisere seg med på vegen inn i ein avvikskarriere (Hauge, 2001). Her får

vedkomande avstå frå dårleg samvit fordi ein ikkje lever som normal på grunn av at det er allmenn kjent at narkomanar ikkje kan avstå frå narkotika eller valdelege folk ikkje kan avstå frå å slå. *Dersom man godtar rollen og selvoppfatningen av seg selv som avviker blir man på en måte immun overfor sosiale sanksjoner på grunn av sitt avvik* (Hauge, 1997, s. 381).

Lemert forklarar, i likskap med Goffmann, korleis dei normale reagerar på avvik og korleis reaksjonane påverkar åtferda. Her kjem det sosialkonstruksjonistiske perspektivet tydeleg fram når ein legg til at samfunnet har skapt dei reaksjonane som avvikaren får. Det betyr ikkje at det han gjer i utgangspunktet er galt, men at det ikkje er akseptert av dei som har definert korleis samfunnet bør vere. At fenomenet er eit avvik er sosialt konstruert og derfor kan ikkje reaksjonane avvikarane vert møtt med tilskrivast åtferda i seg sjølv (Halvorsen, 2002).

Den neste teoretikar som har aktuelle teoriar i høve til problemstillinga mi er Robert K. Merton. Han var mellom anna opptatt av korleis den sosiale strukturen påverka oss menneska, og korleis menneska påverkar den sosiale strukturen med sine falske spådomar. Han opplevde korleis amerikanarane diskriminerte dei svarte på 1900-talet og brukte høve mellom dei svarte og dei kvite i teoriane sine.

### **4.3 Robert K. Merton og den sjølvoppfyllande spådom.**

Den amerikanske sosiologen Robert King Merton sin teori om den sjølvoppfyllande spådom peikar på korleis vi menneske tillegg situasjonar meining, utan at meininga treng å vere sann, som får konsekvensar der utfallet er at meininga vert sann (Merton, 1968). Dette er svært abstrakt, men gjer meining når ein forklarar med døme. I høve til problemstillinga mi, kan det tenkast at vi menneske tillegg fenomenet sosiale problem ei meining som er negativ, utan at dette er ein objektiv sanning, sidan samfunnet då ser på fenomenet som negativt, så vert meininga sann. Det vert negativt fordi samfunnet sin spådom gjer konsekvensar.

Denne teorien har sitt opphav i Thomas-teoremet, som er grunnleggande i samfunnsvitenskapen: *Viss folk definerar situasjonar som verkelege, så er dei verkelege i sine konsekvensar* (Merton, 1968, s. 475). La oss sei at ein elev lagar mykje støy og forstyrrar undervisninga til ein lærar. Denne åtferda gjer at læraren tenker at ungdomen er ein bråkmakar og lite skuleflink. Læraren sine førforståingar av denne typen ungdomar gjer at ho vert irretert og kjeftar på vedkomande. Korleis denne ungdomen vert møtt pregar vidare korleis posisjon han får i klassen og korleis dei andre i klassen ser på han. Etterkvart utviklar

det seg eit mønster av typiske handlingar frå ungdomen og typiske reaksjonar frå medelevar og lærarar. No har læraren gått frå å tru at dette er ein bråkete elev med svak læringsevne til å vete at han er det. Fordi han vart møtt med ein reaksjon som gjorde han ei rolle, vart denne rolla oppretthalden slik at både han sjølv, medelevar og lærarar fekk ein konformitet på at det er slik han er. I følje Merton (1968), vil læraren ta utviklinga til ungdomen som bevis for at ho hadde rett heilt i frå starten.

På same måte kan ein tenke seg at sosiale problem vert oppretthaldne; fordi andre sine reaksjonar får problemeraren til å tenke lågt om seg sjølv. Denne tankegangen er ikkje fruktbar dersom sjølvbilete skal blome. Med därleg sjølvbilete vil det vere verre å kome ut av eit problem og ein vil heller ikkje få avkrefta av menneske rundt seg at dette er noko vedkomande ikkje klarar. Dersom menneske i tillegg synast synd på ein, kan depresjonen ligge rundt hjørnet. Korleis kan veten om sjølvoppfyllande spådom hjelpe sosialarbeidaren i sitt arbeid med problemerarar? Og korleis kan sosialarbeidaren hindre problemeraren å verte ekskludert?

Merton (1968) peikar på at ein må forkaste det som gjorde førforståinga eit faktum, ein må viske vekk alle førutforståingar, og definere om fenomenet eller personen. Røkenes og Hanssen (2002, s. 137) skriv at førforståinga er dei brillene vi alltid har på oss og som farger alt vi ser. Til dømes hadde læraren ein annan førforståing dersom ho tenkte at denne eleven berre ville markere seg litt, men at det ikkje har noko med intelligens eller interesse for faget å gjøre. Då hadde ungdomen ikkje vorten avvist, men styrka i mesteringskjensla si. Den opplevinga ville ha gjort han inkludert i klassen og han kunne ha fått bekrefting på styrken sin som elev.

Robert Merton analyserte det amerikanske samfunnet og da spesielt korleis dei svarte i Amerika vart behandla på midten av 1900-tallet. Han beskriv ei ut-gruppe og ei inn-gruppe, der inn-gruppa er inkluderte i samfunnet og ut-gruppa er avvikarane. Avvikarar i denne samanheng kan samanliknast med Goffmann (2000) sin definisjon på avvikarar, det gjeld både utsjåande, genetisk, religiøs og kulturell arv og personlege eigenskapar. Ut-gruppa vert gjenstand for fordommar korkje kva dei gjer. Han gjer eit døme på korleis ein svart amerikanar som hadde vunne gull i olympiske leikar ikkje vart heidra av majoriteten fordi han ikkje vart sett på som ein ekte amerikanar (Merton, 1968).

For å sjå verdiane til majoriteten kan ein studere ein person som inn-gruppa definerar som helt, og analysere kva eigenskapar denne karakteren har. I følje Merton (1968), vil ein då sjå inn-gruppa sin definisjon av ein beundringsverdig person. Ein kan samanlikne det med Berger og Luckmann (2000) og sei at inn-gruppa representerar den sosialt aksepterte røynda, men det betyr ikkje at det er riktig. For å komme ut av ein slik falsk illusjon av sanninga må ein verte medveten dei sosial prosessane som skapar haldningar om kva som er rett og gale. Til dømes skriv Merton (1968) om diskrimineringa av svarte amerikanarar, og eg tenker her på kva som gjorde at samfunnet trudde at å vere svart ikkje var like bra som å vere kvit? Er ein ikkje fullverdig menneske som svart? Nokon med definisjonsmakt har starta diskrimineringa slik at den allmenne oppfatninga vart påverka, innarbeid og deretter forankra i haldningane deira. Menneska har ikkje fått mogelegheit til å finne si subjektive sanning fordi dei er, som Berger og Luckmann (2000, s.9) skriv: *..et sosialt produkt.* For at menneska i Amerika skulle bevise sin profeti sann, at dei svarte var underlegne dei kvite, kunne dei til dømes sjå på statistikk at kvite hadde meir utdanning enn svarte, medan sanninga var at den allereie negative haldninga mot dei svarte medførte at midlane til utdanning ikkje vart prioritert til den svarte delen av folket. Morton (1968) kallar dette for falske beviser. Dette er sjølvsagt eit fenomen som set spor den dag i dag, sidan fattigdom reproduserast og oppveksttilhøve påverkar livets gang. Den sosiale arven gjer at mange ikkje kjem ut av den vonde sirkelen og den gamle profetien om at svarte er underlegne dei kvite heng framleis igjen i enkelte samfunn.

Eit anna interessant fenomen som Merton (1968) er opptatt av, er korleis same eigenskapen kan vere positivt viss det er nokon i inn-gruppa som besett den, medan eigenskapen er negativ viss det er nokon i ut-gruppa som besett den. Til dømes er jøden gniten og opptatt av pengar dersom han har butikken sin open heile dagen, medan den amerikanske mannen er arbeidsam dersom han har butikken open heile dagen. Dette kallar Merton for den moralske alkymiens klassiske formel. Det kan samanliknast med Goffmann (2000) og betyinga vi legg i ein negativ eigenskap eller ein hending som til dømes ein ungdom med rusproblem har gjort. Vi generaliserar hendinga til å gjelde personlege eigenskapar til ungdomen. Dersom denne ungdomen reagerer i forsvar, vert dette tolka som eit uttrykk for defekten han har. Dersom denne ungdomen hadde gått i ein demonstrasjon for legalisering av hasj, ville nok majoritetten eller inn-gruppa tolka handlinga som eit teikn på svakleiken hans, nemleg narkomanien, medan viss det hadde vore ein legestudent som hadde gått i same demonstrasjonstog, ville majoritetten sjå på handlinga som eit teikn på politisk interesse, engasjement, og eit standpunkt i debatten om hasj som legemiddel.

Ved å bruke Merton sin teori om sjølvoppfyllande spådom kan ein sjå korleis menneska produserar problem i samfunnet, og at det mange gongar ikkje ville ha vore ei sanning i frå utgangspunktet. No har eg sett på korleis fenomen og prosessar i samfunnet kan ekskludere medmenneske og eg vil gå vidare med å spørje om samfunnet vil endre oppfattinga av sosiale problem når avvikarane har ein funksjon i samfunnet vårt?

## **5.0 Avvikarar som ein teneleg funksjon i samfunnet vårt.**

Det er samansatt og komplekst å forstå kvifor problemløsningar vert utstøyta i samfunnet vårt. Det er alltid mange sider av ein sak, og mange er ambivalente i møte med ein problemløsning. På den eine sida synast vi synd på personen og vi vil hjelpe dei eller vere tilgjengelege for dei og på den andre sida så er vi litt skeptiske og vil ikkje ha dei for nære innpå privatlivet vårt. Det endar ofte med at vi held oss unna som privatpersonar, og det vert dei fagutdanna i helse- og sosialvesenet som må hjelpe. På dette tidspunktet er vedkomande ofte langt komne i ein marginaliseringsprosess, og det vert vanskeleg å integrere han eller ho. Sidan vi menneske ofte vegrar oss for medborgarrollen, men heller fortel naboen ”kor forferdeleg det går med han Rolf”, så tenkte eg at det må vere nokre mekanismar som opprettheld forståinga om at det bør finnast problemløsningar i samfunnet vårt.

Kan det vere slik at samfunnet opprettheld og stigmatiserer problemløsningar ut i sosial eksklusjon, for å lage eit skilje mellom avvikarar og normale? Durkheim meinar, ifølgje Hauge (2001), at avvikarar har ein positiv verknad på samfunnet på grunn av at dei får normale menneske til å kjenne sterke samhald og solidaritet. Det vert eit naudsynt gode og viser at samfunnet ikkje stivnar, sidan reglane kan brytast. Når vi straffar avvikarar, enten ved fengsling eller sosial eksklusjon, så illustrerer vi kvar grensene går. Då vil vi andre kjenne oss moralsk overlegne og distanserer oss frå avvikarane. Durkheim skriv at dersom vi hadde hatt eit samfunn der ingen overtråkka loven, ville vi likevel funne avvikarar som hadde gjort ting som vi i dag synast er tilgjevelege, men som på det tidspunktet ville ha vortne sanksjonerte og utstøyta fordi avvikarar er naudsynt for at det mekaniske samfunnet skal bestå. Samtidig skriv han at samfunnet ikkje kan tolke alt for mykje avvik før det vert dysfunksjonelt sidan det kan svekke den kollektive medveten (Hauge, 2001).

Halvorsen (2002) tar opp diskusjonen om sosiale problem kan vere nyttig for samfunnet på grunn av at mange livnærer seg av å arbeide med folk med sosiale problem. Til dømes ville mange sosionomar vert overflødig i eit samfunn utan sosiale problem. Dessutan gjer problemlærarane oss andre motivasjon til å ha mål. Det kan vere mål om utdanning slik at ein kan få godt arbeid som hindrar fattigdom, det kan vere et varsel mot å prøve narkotika fordi ein har sett korleis dei narkomane i nærmiljøet har det eller ein tanke i bakhovudet om å ikkje spele vekk pengane ein har tent fordi ein såg korleis det gjekk med naboen. Dei med sosiale problem understrekar normaliteten i samfunnet og fungerar som ein kontrollfunksjon i høve til det som er rett og gale. Det betyr at dei fungerar som eit objekt vi kan måle oss opp imot (Halvorsen, 2002). Denne distansen til avvikarar har eg no prøvd å forklare gjennom teoriar, perspektiva og hermeneutiske tilnærmingar. Fenomenet er komplekst og på ingen måte funne svar på. Bodskapen kjem her i avsluttinga.

## **6.0 Ein avsluttande samanfattning.**

Eg tenker på nokre nøkkelord som kan gje ein forståing av oppgåva. Det er ord som har haldepunkt frå teoriane og perspektiva eg har lagt vekt på; *strukturar, forståing, diskursar, stempling og sanning*. Desse nøkkelorda er flytande mekanismar under endring.

Samfunnstrukturane er under endring, forståinga av samfunnet og kvarandre er under endring, diskusjonane forandrar seg og utgjer endring, kva som vert stempla er under endring. Det betyr at sanninga er under endring. Endring er eit faktum og utgjer forståinga av at samfunnet ikkje er riktig (påstand) – samfunnet kunne ha vore annleis. Dermed kunne vi i teorien hatt eit samfunn som ikkje utstøytar personar med sosiale problem – nettopp fordi dei sosiale problema ikkje vart definert slik som dei er i dag.

Som eit svar på denne påstanden kan eg trekke fram det Durkheim meinar om at samfunnet skapar andre kategoriar som inngår i omgrepet sosiale problem dersom definisjonane av problema endra seg (Hauge, 2001). Eller Bourdieu som påstår at vi har spenning mellom samfunnslag som diskuterar kva som er bra og mindre bra levemåtar, og at dei høgare samfunnslaga alltid vil prøve å finne måtar å distansere seg til dei lågare samfunnslaga på, gjennom språket, trendar og veremåte (Bourdieu, 1984, Aakvaag, 2008). Goffmann (2000) meiner at dei med sosiale problem har internalisert haldningane mot seg og tatt dei sosiale problema inn som ein del av identiteten sin, difor kan ein ikkje avskaffe sosiale problem når det vert forankra i personlegdomen deira. Dette gjer at problemlæraren kontinuerleg gjentar

mønstre som er ein del av prototypiske handlingar som refererar til stigmaet, eller ein negativ symbolsk kapital. Til dømes å ruse seg, gå arbeidsledig, få økonomisk sosialhjelp og ikkje vere synleg på offentlege arenaer. Stemplingsperspektivet skriv at dei vert stempla som personar med sosiale problem og konsekvensen er at problemlærarane identifiserar seg med haldningane frå samfunnet og gjer dei til sine, dermed kan dei med rette handle som ein person med sosiale problem (Hauge, 2001). Det kan samanliknast med Merton (1968) og korleis han meinar at samfunnet påførar medborgarar sosiale problem fordi ein førehandsdømmer og dermed legg ein føringar, med haldningane sine, på kva slags veg vi vil at problemlæraren skal gå? Samfunnet sin spådom vert ei sanning fordi spådomen har store konsekvensar. Problemlæraren bøyar seg etter dei andre, og speglar seg i haldningane dei andre har til seg, i følge Mead. Korleis kan ein då kome ut av problemet? Problemets vorten er ein del av personen. Bourdieu skriv at det er mogeleg å klatre mellom samfunnslag, men då berre gjennom akkumulasjon av kulturelle eller økonomisk kapital (Bourdieu, 1984, Aakvaag, 2008). Ein kan til dømes ta utdanning slik at ein får betalt arbeid. Sjølv om nokre klarar det, er det ein lang og smertefull veg frå å vere problemlærar til velutdanna. Ein problemlærar har ofte vanar som kan vere vanskeleg å komme ut av. I følge Berger og Luckmann (2000) vert handlingar som gjentakast ofte satt inn i mønster og kan lett reproduksjonast. Vi lev i trua på at ”slik skal det vere” og har ikkje eit kritisk blikk på den samfunnsskapte røynda. Ein set ikkje spørsmålsteikn ved kvifor det ikkje skal vere legitimt å gå arbeidsledig. Arbeidslina er sterkt og er internalisert i folket. Det same gjeld for kva som er definert som sosiale problem – og dei med sosiale problem veit det like godt som alle andre. Dei er plasserte i kategorien problemlærarar fordi vi set menneska i system. Det gjer samfunnet meir føreutsigbart.

Eg valte stemplingsperspektivet, symbolsk interaksjonisme og sosialkonstruksjonisme for å forklare korleis medborgarar utstøytar problemlærarar. Sjølv om perspektiva er ulike, kan dei utfylle kvarandre når eg forklarar fenomenet. Stemplingsperspektivet fokuserar mest på reaksjonane på sosiale problem og korleis det påverkar individet. Det er ein subjektiv forståing. Dette hjelpte meg å forklare vidare avvik i prosessen mot store sosiale problem. Det symbolsk interaksjonistiske perspektivet forklarar dei mellommenneskelege høva og korleis identiteten vert til gjennom samhandling. Kommunikasjon (subjekt – subjekt) er viktig i forståinga av korleis menneske vert sosiale avvikarar. Her kan perspektivet hjelpe i samhandlinga mellom sosiologien og problemlæraren. I følge, Halvorsen (2002) er sosialkonstruksjonismen den einaste sosiologiske teorien om sosiale problem. Det er berre når visse kriteria er oppfylgd at eit sosialt fenomen vert eit sosialt problem. Dei sosiale problema

baserar seg på verdiar og interesse og difor er ikkje alltid problema reelle. Oppgåva har fokus på den diskursen som kontinuerleg dominar i samfunnet. Bourdieu er opptatt av denne trua på sanninga som mange tar for gjett, kalla doxa. Det er ein kamp om definisjonsmakta som vert ein del av det som Berger og Luckmann kallar den samfunnskapte røynda. I høve til problemstillinga mi er doxa eller den samfunnskapte røynda viktig for å syne at heilheita er ikkje berre det vi tilsynelatande ser. Vi må sjå på prosessane og dynamikken i samfunnet. Det som gjer at vi meinat nokre fenomen er sosiale problem og andre ikkje sosiale problem.

Teoretikarar som Berger og Luckmann, Goffmann og Lemert hjelper oss til å sette eit kritisk syn på fenomen som vi tar for gjett. I denne samanheng eit kritisk syn på kva menneskelege prosessar i samfunnet som gjer at medborgarar utstøytar personar med sosiale problem. Kunnskap er svært viktig for å forstå prosessar i samfunnet. Forståinga av at samfunnet og individet har ein gjensidig innverknad på kvarandre kan hjelpe problemløsarane til sette seg inn i prosessane i sin eigen livssituasjon samtidig som sosionomen og medborgarar er medvetne om konsekvensane av handlingane sine. Dermed kan ein opne opp for at samfunnet skal inkludere problemløsarane. Ein slik endring kan, dersom Merton har rett, påverke problemløsaren i retning av meir normalisert åtferd fordi vi forventar det av ein inkludert person. På den andre sida vil ein då få bekrefting på at sosiale problem er ein uønska tilstand og noko som samfunnet vil endre.

## **Litteraturliste:**

Aakvaag, Gunnar C. (2008). *Moderne sosiologisk metode*. Oslo: Abstrakt forlag.

Aubert, Vilhelm. (1979). *Sosiologi: !. Sosialt samspill*. Oslo: Universitetsforlaget.

Berger, Peter og Luckmann, Thomas. (2000). *Den samfunnsskapte virkelighet*. Bergen: Fagbokforlaget.

Bourdieu, Pierre. (1984). *Distinction. A Social Critique of the judgement of Taste*. London: Routledge.

Bjerke, Tore og Svebak, Sven. (2001). *Psykologi for høgskolen*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Goffmann, Erving. (2000). *Stigma: Om afvigerens sociale identitet*. Oslo: Pensumtjeneste.

Habermas, Jurgen. (1987). *The Theory of Communicative Action. Volume Two: Lifeworld and System: A Critique of Functionalist Reason*. Boston : Beacon Press.

Halvorsen, Knut. (2002). *Sosiale problemer: En sosiologisk innføring*. Bergen: fagbokforlaget.

Halvorsen, Knut. (2002b). *Forskningsmetode for helse- og sosialfag: En innføring i samfunnsvitenskapeligmetode*. Oslo: Cappelens Akademisk Forlag.

Hauge Ragnar. (2001). *Kriminalitetens årsaker*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hauge, Ragnar. (1997). *Stemppling og stigmatisering*. I: Finstad, L & Høigård, C (red.), *Kriminologi* (s. 375-381). Oslo: Pax Forlag A/S.

Helland, Håvard og Øia,Tormod. (2000). *Forebyggende ungdomsarbeid*. Bergen: Fagbokforlaget.

Hutchinson, Gunn Strand og Oltedal, Siv. (2003). *Modeller i sosialt arbeid*. Oslo: Universitetsforlaget.

Johannessen, Asbjørn, Kristoffersen, Line og Tufte, Per Arne. (2006). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Abstrakt forlag.

Kvale, Steinar. (2001). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Merton, Robert K. (1968). *Social Theory and Social Structure*. (Enlarged Edition). New York: The Free Press.

Røkenes, Odd Harald og Hanssen, Per- Halvard. (2002). *Bære eller briste: Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker*. Bergen: Fagbokforlaget.

Schiefloe, Per Morten. (2003). *Mennesker og samfunn: Innføring i sosiologisk forståelse*. Bergen: Fagbokforlaget.

Vaage Sveinung. (red). (1998). *Å ta andres perspektiv: Grunnlag for sosialisering og identitet. George Herbert Mead i utvalg*. (Oversett av Kari Marie Thorbjørnsen). Oslo: Abstrakt forlag.

### **Internettkjelder:**

Ariadne, Kunnskapsbase for kulturfagene ved universitetet i Oslo. *Hermeneutikk*. Henta 6.februar 2009 frå:

[www.intermedia.uio.no/ariadne/idehistorie/teori-og-metode/skoler/hermeneutikk](http://www.intermedia.uio.no/ariadne/idehistorie/teori-og-metode/skoler/hermeneutikk)